

*Dagsaktuelt tema i Rotary:*

# – Alt skal tole dagens lys



Korleis vert etiske dilemma i kvardagen handsama? Dette var hovudtemaet som personalsjefen i TINE sette på dagsordenen i fellesmøtet mellom rotaryklubbane i Ørsta og Volda.

*Personalsjef Eivind Sporsem heldt foredrag om yrkesetikk for rotary-medlemmene i Ørsta og Volda.*

– Det etiske arbeidet i yrkeslivet er eit kontinuerleg arbeid som må resultere i at retningslinjene ligg som ein ryggmergsrefleks hos den enkelte, hevda personalsjef Eivind Sporsem i TINE. Dette målet når ein berre ved å setje av nødvendig tid til å diskutere tenkte tilfelle på førehand.

Presidenten i Ørsta Rotaryklubb, Thor Arne Sørheim, var tydeleg fornøgd med å kunne tilby det aktuelle temaet til medlemmene i rotaryklubbane i Ørsta og Volda. – Den siste tida med presseoppslag viser at behovet for å diskutere yr-

kesetikk er større enn nokon gong.

– Vil denne avgjerda eller handlinga styrke selskapet sitt omdømme? Det er dette spørsmålet ein må stille seg sjølv før ein skal ta ei avgjersle, kommenterte Sporsem. Alt skal tole dagens lys; viss det ikkje er tilfelle bør ein tenkje seg om att på nytt.

Frå rotarymedlemmene blei det stilt spørsmål om det var kultur for å «varsle», dvs ta opp kritikkverdige forhold internt i bedrifta. – Hos TINE oppmuntrar vi til varsling, hevda Sporsem. Alle etiske problemstillingar skal kunne takast

opp utan risiko for å bli møtt med sanksjonar frå medarbeidarar eller leiinga. Sporsem vedgjekk at dette ikkje er noko som kjem av seg sjølv, men må arbeidast målretta for å oppnå.

Personalsjefen avslutta foredraget med å peike på at TINE har skapt resultat i over 100 år. Og med målsetjing om å drive i 100 nye år, må det gjerast val som er berekraftige både på kort og lang sikt.